

Fra: Tore Hauge <tohaug3@start.no>
Sendt: torsdag 6. januar 2022 09:15
Til: Postmottak Alver
Emne: Fwd: Søknad om midler til trafikksikringstiltak- Høylandsmyr FV-357 og FV 389

----- Opprinnelig melding -----

Emne:Søknad om midler til trafikksikringstiltak- Høylandsmyr FV-357 og FV 389

Dato:2022-01-05 21:11

Avsender:Tore Hauge <tohaug3@start.no>

Mottaker:Tore Hauge <tohaug3@start.no>

Trafikksikring-Høylandskrysset:

Er vegkrysset der 2 fylkesveger møtes. Høylandsvegen (FV 389) kjem inn mot krysset fra vest ved buss-skur på Høylandsmyr. Der møter den Mykingvegen (FV 357), som kjem fra E-39 ved Eikangervåg, og går mot nord i retning Lindå og Mongstad industriområde. FV 389 er dessutan hovedvegen inn mot Seim-Knarvik, og møter FV 57 Knarvik-Lindås og Mongstad ved Furuberget.

Området kring Lid-Høyland har 4 av Alver sine største garder, med mykje jord-og skogdrift. Vegkryss v/Høylandsmyr, har dessutan bensinstasjon, bilverkstad (Meca), samt lokala til ei av Vestlands største brønn-boringsverksemder. Det er 47 einebustader i området i tillegg til byggefeltet. I 2019 vart området tilkopla Eikanger vassverk.

Buss-skur i vegkrysset er stoppestad for 7 daglege avganger med buss til Knarvik-Eikangervåg og Bergen. I tillegg stoppestad for skuletransport Kløvheim-Eikangervåg og Ostereidet. Både FV389 og 357 er daglege skuleveger for born.

Posten har dagleg over 20 leveringer til husstander og bedrifter, der 6 av desse er, på stativ (busslomme Høylandskryss).

I 2016 hadde Statens Vegvesen trafikkteiling på staden. Denne viste dagleg trafikk av ca 1300 biler/døgn. Då ein god del bilane var tungtransport, vart det til at fartsgrense i området vart redusert til 50 km/t. Vegen var for smal til at 2 lastebiler kunne passere i 80 km/t vart det sagt den gongen.

Med bakgrunn i at Vestland Fylkeskommune oppmoder kommuner til å søkja midler til fysiske trafikksikrings-tiltak (frist 1.feb 2022), vil vi som bur på staden at Alver Kommune søker midler til følgjande tiltak:

1. Fleire veglys inn mot Høylandskrysset. Området er mørkt, men BKK/Eltel har gode velfungerande stolper langs alle 3 vegen inn mot vegkrysset.
2. Fortau med gang -og sykkelsti for skuleborn og reisande ved buss-skur i området v/Høylandskrysset.
3. Fleire busslommer i området då busser i dag kjem og stopper i alle kjøretninger.
4. Overganger for mjuke trafikkanter (til fots) over FV.

Dette er nokre tiltak som vil sikra trafikken i nærleiken av det travle vegkrysset. Kan hende finst det andre/fleire.

Ber om innbyggjar-respons fra Alver kommune i god tid innan fristen 1.febr.

Beste helsing

Tore Hauge m/fl

Mykingvegen 329,
5913 Eikangervåg.

PS- Det hører med at trafikken på Mykingvegen FV 357, er svært stor. Då ingen av FV-vegane har skilta forkjørsrett, oppstår det dagleg trafikkfarlege situasjoner om kven som har vikeplikt. Det i tillegg til at buss/postbil og NGIR (bossbil) må kryssa vegen for å kunna utføre tjenestene dei skal utføra.